

VEDTEKTER FOR ÅMÅS FRISKULE

§ 1 Namn

Skulen heiter Åmås Friskule. Det er ein barneskule som dekkjer årstrinna 1 – 7. Skulen ligg på Åmås i Ørsta kommune.

§ 2 Målform

Skulen har nynorsk som opplæringsmål.

§ 3 Føremål

Skulen skal leggje til rette for eit godt skuletilbod og læringsmiljø på Åmås. Dette skal ein oppnå ved å tilpasse opplæringa til den einskilde elev sine føresetnader basert på toleranse, likeverd og demokrati, og med eit aktivt samarbeid med dei føresette og lokalmiljøet. Skulen skal følgje læreplanar som gjeld for offentlege skular.

§ 4 Føresetteforeining

Alle foreldre eller føresette som har elevar i skulen er medlemmer av føresetteforeininga. Foreininga er sjølveigande. Medlemene er ikkje ansvarleg for foreininga si gjeld, og dei har ikkje krav på resultatdel eller utbyte frå drifta. Eventuelle avtalar med andre organisasjonar der foreldra er involvert, til dømes Åmås grendalag, skal vere basert på vanlege marknadsprisar og slik at skulen ikkje betaler ut skjult utbyte.

§ 5 Årsmøtet

Åmås Friskule sitt øvste organ er årsmøtet, som vert halde kvart år innan medio april. Styret kallar inn til årsmøte minst ein månad på førehand ved å sende melding med elevane. Forslag som medlemmer ønskjer å handsame på årsmøtet, må vere sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag, er tilgjengeleg på skulen for medlemene seinast ei veke før årsmøtet. Alle medlemene i føresetteforeininga har tilgjenge til årsmøtet. Når det skal røystast, har kvar familie ei røyst.

Lovleg innkalla årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemmer som minst svarar til talet på styremedlemer.

På årsmøtet kan det ikkje handsamast forslag om vedtektsendring som ikkje er oppført på kunngjord sakliste. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei med røysterett på årsmøtet vedtek det ved godkjenning av saklista.

Årsmøtet skal

1. Godkjenne dei som har røysterett.
2. Godkjenne innkallinga og saklista.
3. Velje møteleiar og 2 representantar til å skrive under møteboka saman med møteleiar.
4. Godkjenne årsmeldinga.
5. Godkjenne revidert rekneskap.
6. Velje revisor.
7. Bli orientert om budsjettet.
8. Handsame innkomne forslag og saker.
9. Gjere følgjande val etter tilråding frå valnemnda.
 - a) Leiar
 - b) 3 styremedlemer og 2 vamedlemer

Ved vala skal det veljast representantar frå begge kjønn.

§ 6 Valnemnd

Foreldreutvalet ved skulen er valnemnd.

§ 7 Styret

Styret skal ha ein leiar, tre medlemmer og to varamedlemmer. Valbolken er på to år. Leiar blir valt for eitt år.

I samsvar med Lov om frittstående skular § 5-1, har desse rett til å vere tilstades på styremøta, seie meininga si og få synspunkta sine ført inn i møteboka, men dei har ikkje røysterett:

- ein representant frå vertskommunen,
- ein representant frå elevrådet,
- ein representant frå foreldrerådet,
- ein representant frå lærarane,
- ein representant frå andre tilsette,
- rektor.

§ 8 Oppgåvene til styret

Styret har ansvaret for at skulen vert driven i samsvar med gjeldande lover, føresegner og skulen sine vedtekter.

Styret skal syte for at skulen er forsvarleg organisert. Styret skal fastsetje planer og budsjett. Styret skal halde seg orientert om skulen si økonomiske stilling og har ansvaret for at rekneskapen blir ført og kontrollert.

Styret tilset rektor, undervisningspersonale, dagleg leiar for skulefritidsordninga og avgjer i samråd med rektor, kva andre stillingar som skal vere ved skulen. Styret kan delegere til rektor å tilsetje vikarar. Styret skal føre tilsyn med rektor.

§ 9 Styremøte, innkalling m.m.

Styret held møte så ofte som det er naudsynt, men minimum fire gongar i året. Alle medlemmene i styret kan be om at det vert kalla inn til møte, men det er leiar som kallar inn. Innkallinga skal vere skriftleg og med minst ei veker varsel.

Møta vert leia av styreleiar.

Det skal først møtebok over alle saker som vert handsama og over vedtak som vert fatta.

Møteboka skal syne: tid og stad for møta, kven som er til stades, fråfall, viktige skilnader i meiningstryningar mellom dei som er på møtet og eventuelt kven som røystar i mot.

Møteboka skal skrivast under av leiar og eit styremedlem, og leggjast fram på følgjande møte for godkjenning.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av styret er tilstades.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Er det like mange røyster, tel leiaren si røyst dobbelt.

§ 10 Rektor

Rektor står for den daglege leiinga av skulen og skal følgje retningsliner og pålegg styret har gitt. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter skulen sine tilhøve er av uvanleg art eller som er store. Rektor kan elles avgjere ei sak etter fullmakt frå styret i det einskilde tilfelle eller når styret sitt vedtak ikkje kan ventast på utan vesentleg ulempe for skulen. Styret skal snarast informerast om avgjerda.

Rektor er ansvarleg for det pedagogiske og faglege opplegget i skulen.

Rektor skal syte for at skulen sin rekneskap er i samsvar med lov og føresegner.

§ 11 Signaturrett

Styret i fellesskap har signaturrett.
Styret kan tildele prokura.

§ 12 Endring av vedtekter

Vedtektsendringar kan berre gjerast på årsmøtet og med 2/3 fleirtal av dei møtande.

§ 13 Oppløysing

Oppløysing av Åmås friskule kan berre handsamast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte.
Vert oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det innkallast til ekstraordinært årsmøte 1 måned seinare. For at oppløysing skal skje, må vedtaket også her gjerast med 2/3 fleirtal.

Ved oppløysing skal eventuelle disponible midlar etter frådrag for gjeld, tilfalle Åmås grendalag.

Vedtektene vart sist godkjend på årsmøte i mars-24.

Åmås, 21.03.24,

Solgun Nedreberg
-rektor

Ann-Christin Grotle
- styreleiar